



Fråsegn til Handlingsplan for internasjonalisering
Sak 13/8019-1

Det er gjort eit grunde arbeid med handlingsplan for internasjonalisering i vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane. Ei satsing på internasjonalt arbeid i opplæringa er ei framtidretta satsing der eleven ikkje berre får eit fagleg utbytte men også gjennom erfaringar vil utvikle seg som menneske og få auka sjølvkjensle.

Som planen skriv er det viktig for skulane å få hjelp til det administrative arbeidet som t.d. å skrive søknader og elles komme i gang med arbeidet. Men sjølv om ein får hjelp til deler av arbeidet, går det likevel ein del tid med til det praktiske arbeidet med tilrettelegging, gjennomføring og til rapporteringsprosessen i etterkant av gjennomført prosjektperiode. Når ein no ynskjer og forventar ein auka aktivitet av internasjonalt arbeid ved skulane, vil det difor vere avgjerande at skulane får tilført midlar, slik at ein kan setje av tidsressurs til skuleansvarleg for dette arbeidet.

Med vennleg helsing

Liv Horvei
Rektor ved Øyrane vgs.